



Ingvard Jordal

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1231 - 15/7270

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

26.03.2015

## Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense kommunal veg gbnr 21/6 Hindenes ytre

Teknisk drift syner til brev datert 25.03.2015 vedkomande søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg, gbnr 21/6 – Hindenes Ytre.

### Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom tiltak og midt kommunal veg skal være minimum 14,0 meter.
- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «almennelike regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», Veglova §§40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til svingradius, sikt, drenering under avkjørsle, samt at ein skal snu på eigen grunn. Siktsoner skal ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.

### **Vi gjer merksam på at tiltaket også er søknadspliktig etter plan og bygningsloven Kap. 20**

Det er med heimel i Veglova §§ 29, 40-43, forskrift av 1964 om «almennelike regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», samt vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentlig veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



**Klage:**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkommande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er gunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjede ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Plassering garasje 2

**Kopi til:**

Lindås kommune ved byggesak  
Lindås kommune ved vegavdelinga

**Mottakarar:**  
Ingvard Jordal